



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Ungdomspanelet
Eldrerådet
Lærarorganisasjonane
Opplæringskontora
Regionråda
LO
NHO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		18/7312 55752/2018/	Geir Løkhaug, 71 28 03 68	01.08.2018

Høringsbrev for skolebruksplanen 2019/2020

Fylkesutdanningssjefen sender med dette forslag til skolebruksplan 2019/2020 på høring. Skolebruksplanen er vedlagt høringsbrevet.

Denne skolebruksplanen gjeld berre for skoleåret 2019/2020. Grunnen er i hovudsak at det frå skoleåret 2020/2021 blir endringar i den yrkesfaglege strukturen. Fylkesutdanningssjefen vil saman med skolane og andre aktuelle interessantar trenge meir tid for å greie ut kva konsekvensar dette får for framtidige skolebruksplaner. Fylkesutdanningssjefen vil før arbeidet med skolebruksplanen for 2020/2023 startar, legge fram ei orienteringssak til Utdanningsutvalet i februar møtet i 2019.

I arbeidet med forslaget til denne skolebruksplanen er det gjennomført møter med alle skolane. Møta er gjennomførte regionvis. Tema for møta har vore utviklinga av elevtal, søkjartal, skolebruksplanen 2018-2021 og læreplass-situasjon sett frå skolane si side. Målet for møta har og vore å samordne skolebruksplanen slik at det samla tilbodet blir meir føreseieleg og robust og slik unngår at det er for mange tilbod som ikkje kjem i gang.

Skolane har i etterkant av møta lagt fram sine ønsker for skolebruksplanen for 2019/2020. Innspela har vore med i vurderingane ved utarbeidinga av høringsbrevet.

Hovudvekta i vurderingane er lagt på om tilboda skal vere søkbare eller ikkje, men kapasiteten er og vurdert og lagt inn i forslaget til kvar enkelt skole. Kapasiteten vil ein kunne justere i samråd med skolane når søkjartala ligg føre våren 19.

Hørings svar sendes digitalt til: post@mrfylke.no

Merk svara:

«avsendar, hørings svar, skolebruksplan 2019-2020 sak 18/7312»

Frist for hørings svar er sett til 14.9.2018

Grunnlag

Høringa er basert skolebruksplanen for 2018- 2021 og inntaket til skoleåret 2018/2019. Det er eit mål at kapasiteten i skolebruksplanen vert sett slik at krava vedtatt i sak Ud-5/14 vert stetta. Saka omhandla kapasitetsutnytting, om nye tilbod og ressursar til særskilte tilbod:

1. Minimum inntakskapasitet vert sett til 65% av vedteke klassekapasitet i skolebruksplanen.
2. For halvklassar innafor yrkesfag som rekrutterer til lærefag vert minimum kapasitet sett til 6 elevplassar.
3. For TAF-tilboda vert minimum kapasitet ved inntaket sett til 10 elevplassar.
4. Nye tilbod skal i vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Ved utarbeidinga av skolebruksplanen er «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring» brukt. Vi viser til § 3 i den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal: «Fylkesutdanningsjefen gir tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett. Fylkesutdanningsjefen gir så langt råd tilbod til søkjarar med fullføringsrett».

Endring i Opplæringslova gjeldande frå 1.8.17 gir ungdommar ein rett til opplæring ut året dei fyller 24 år. Det gjeld og søkarar frå eit anna land som ikkje får godkjent utdanninga si som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Norge. Det er ikkje tatt omsyn til dette når kapasiteten er sett. Det vil ein gjere når ein ser søkinga våren 19.

Ysk-tilbodet

Det er ikkje foreslått endringar eller kapasitet til desse tilboda.

Halve klassar og marginale tilbod

Å oppretthalde halve klassar, klassar med svak oppfylling og små grupper er kostnadskrevjande. Med ei framtid som truleg gir fylkeskommunen og sektoren økonomiske utfordringar er det viktig at strukturen er robust og føreseieleg og at ein ikkje har tilbod som ein er usikker på om vil kome i gong.

Læreplassar og kapasitet

Det er ei utfordring at det er for få elevar frå Vg2-yrkesfaglege utdanningsprogram som teiknar lærekontrakt. Skal ein oppretthalde omfanget på yrkesfaglege elevplassar i framlegget til skolebruksplanen, føreset det at skolane har ein aktiv rolle i formidling av elevar til læreplass i bedrift. Dei nye regionale formidlingskontaktane vil fortsatt vere sentrale i dette arbeidet.

Nye tilbod

Nye tilbod skal kvalitetssikrast av fylkesutdanningsjefen slik at dei er i samsvar med godkjende læreplaner og gjeldande dokumentasjonsordningar. Difor må søknadar om nye tilbod ligge føre i god tid før skolebruksplanprosessen tek til. Nye tilbod skal i utgangspunktet vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Rauma vgs har søkt om å få opprette ei landslinje i Studiespesialisert med bratt friluftsliv. Fylkesutdanningsjefen støttar søknaden og den er sendt til Kunnskapsdepartementet for vidare behandling.

Rauma vgs har og søkt om å få starte opp eit nytt tilbod med eit Vg2 caravanteknikar. Fylkesutdanningsjefen støttar søknaden og den er sendt til fagleg råd for vidare behandling. Desse tilboda er ikkje med i denne planen.

Spjelkavik vgs har søkt om å få starte opp Internasjonal baccalaurate allereie frå Vg1. Søknaden er foreslått imøtekommen. Samla kapasitet på studiespesialisering ved skolen er ikkje auka.

Sykkylven vgs har søkt om å få starte opp eit studiespesialiserande tilbod med robotikk og digitalisering. Søknaden er foreslått imøtekommen. Samla kapasitet på studiespesialisering ved skolen er ikkje auka.

Gjermundnes vgs har søkt om å få starte opp Vg2 akvakultur. Fylkesutdanningsjefen viser her til sak 11/18 om blått naturbruk på Nordmøre. Før ein gjer seg erfaringar med tilbodet her, ønsker ikkje fylkesutdanningsjefen å utvide tilbodet ytterligare.

Atterhald om utfordringar i økonomien til fylkeskommunen

Viser til sak T-27/18 om «Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2019-2022». Vedtaket i saka seier at det vil kome krav om innsparingar som og kan få konsekvensar for denne planen.

Nokre av forslaga i planen er fremma på bakgrunn av desse signala. I tillegg kan det kome ytterlegare innsparingsforslag i den endelege saka til Utdanningsutvalet i november 18.

Om tala i vedlagt tabell

Tabellen for skolebruksplanen 18/19 er tala for vedteken plan brukt. Nokre reknefeil er retta opp. Ved inntaket til skoleåret 18/19 er det gjort nokre kapasitetsjusteringar, mellom anna er kapasiteten på Vg1 teknikk og industriell produksjon og Vg1 helse og oppvekst auka ved fleire skolar. Det er og gjort kapasitetsendringar i elevtalet ved mange skolar. Dette er ikkje teke med i tabellen for skoleåret 18/19, men tatt omsyn til i oppsettet til skoleåret 19/20.

I forslaget er talet på elevplassar auka om lag like mykje som elevtalsutviklinga frå 2018 til 2019. Samla klassetal er om lag på same nivå som for vedteken skolebruksplan for skoleåret 18/19.


Årgangstal i perioden

Tala er henta frå «Grunnskolens Informasjons System» (GSI) der kommunane og private skolar skal legge inn faktiske tal på trinna 1-10. For planperioden legg ein desse tala til grunn. Tala viser at elevtalet i fylket samla sett vil gå noko ned i planperioden med det svakaste året i 18/19 og med ein svak auke for skoleåret 19/20.

Ved berekninga av tala for skolane er det og gjort eit overslag over kor mange av elevane i inntaksområdet som faktisk søker skolen. Det er sjølvsagt knytt noko uvisse til desse tala.

Samla elevtalsutvikling

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Nordmøre	731	628	684	638	632	621	639
Romsdal	862	748	766	807	765	739	737
Nordre Sunnmøre	1342	1214	1198	1285	1227	1260	1277
Søre Sunnmøre	646	586	595	607	586	535	585
Samla	3581	3176	3243	3337	3210	3155	3238



Atlanten vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført.

Kristiansund vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 endra med at Vg1 blått naturbruk er lagt til planen med ein halv klasse og 14 elevplassar. Kapasiteten på Vg1 teknikk og industriell produksjon vert tilsvarande redusert med 1 klasse og 12 elevar.

Vg1 HO er auka til 6 klassar og 90 plasser. På vg2 er helsearbeidar er kapasiteten auka til 3 klassar og 45 plassar.

Vg2 brønnteknikk er ikkje med i planen og vert lagt inn frå skoleåret 20/21. (Viser til skolebruksplanen for 18/21).

På Vg2 Industriteknologi er kapasiteten auka til 2 klassar og 28 elevar for møte eit auka inntak i til skoleåret 18/19.

Vg3 dataelektronikarfaget er tatt ut av planen.

Sunndal vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført.

Kapasiteten på Vg2 industriteknologi og Vg2 kjemiprosess er etter inntaket til vg1 skoleåret 18/19 redusert til samla 1 klasse og 15 plassar.

Kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag og Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag auka til 1 klasse og 15 plassar kvar. Denne kapasitetsaukinga er avhengig av at avtalen med Sunndal kommune om å gje vaksne flykningar eit vidaregåande tilbod vert vidareført også for Vg2.

Surnadal vgs


For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført.

På Vg1 studiespesialisering er kapasiteten redusert til 1,5 klasse og 42 plassar og på Vg2 studiespesialisering er kapasiteten sett etter inntaket til skoleåret 18/19.

Tingvoll vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført med unntak av at Vg2 Elenergi er tatt ut av planen og erstatta med Vg2 byggteknikk. Vg2 medier og kommunikasjon er tatt ut av planen .

Prognose Vg1 på Romsdal etter skole



Fannefjord vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført. Tilboda er lagt inn med elevkapasitet, men ikkje med klassar.

Fræna vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med desse unntaka: Kapasiteten på vg1 naturbruk er auka til 24 elevplassar og til 12 elevplassar på vg2 akvakultur. Vg1 og Vg2 Studiespesialisering internasjonal er teken ut og kapasiteten på Vg1 og Vg2 studiespesialisering er auka til 1,5 klasse og 42 elevar. Kapasiteten på Vg2 byggteknikk er sett til 0 etter søkinga til skoleåret 18/19.

Gjermundnes vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført. Skolen søkte om å få starte opp med Vg2 akvakultur som eit tilbod ved skolen frå hausten 19. Fylkesutdanningssjefen viser til sak 11/18 i utdanningsutvalet om blått naturbruk på Nordmøre. Fylkesutdanningssjefen ønsker ikkje å utvide tilbodet ytterligare før ein har gjort seg erfaringar med det nye tilbodet og då kan gjere ei samla vurdering av tilboda innan blått naturbruk.

Molde vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført. Det er avsett plassar for elevane på landslinje for jazz i kapasiteten på musikktilboda på Vg1 og vg2. Kapasiteten på Vg2 og Vg3 studiespesialisering er justert etter inntaket til skoleåret 18/19.

Rauma vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at Vg2 barne- og ungdomsarbeider er teken ut av planen. Kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag er auka tilsvarande. Vg2 kokk- og servitørfag er tatt ut av plana fordi Vg1 restaurant og matfag ikkje kom i gang til skoleåret 18/19.


Vg2 industriteknologi tatt inn i planen for å møte inntaket på Vg1 teknikk og industriell produksjon skoleåret 18/19. Kapasiteten er sett til 1 klasse og 14 elevar.

Romsdal vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at Vg2 interiør og utstillingsdesign er tatt ut av planen på grunn av søkinga tidligare år. Vg2 Teknologifag EL/TIP er justert ut frå søkinga til skoleåret 18/19.

Vg2 helsearbeidarfag er justert til 2 klassar og 30 plassar.

Prognose Vg1 på Nordre Sunnmøre etter skole



	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Borgund vgs	379	341	341	369	358	355	367	358	384	350	367
Fagerlia vgs	308	291	279	305	299	290	305	303	318	286	301
Haram vgs	103	94	90	98	86	105	88	90	99	90	95
Spjelkavik vgs	158	146	141	160	153	149	153	155	164	152	162
Stranda vgs	86	75	75	68	64	72	78	62	67	63	61
Sykkylven vgs	100	78	84	82	66	91	78	81	86	84	69
Ålesund vgs	208	189	188	203	201	197	208	196	217	200	205
Nordre Sunnmøre, samlet	1 342	1 214	1 198	1 285	1 227	1 260	1 277	1 246	1 337	1 225	1 259

Borgund vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at kapasiteten på Vg2 automatisering er auka til 2 klassar og 24 plassar. Kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag er auka til 3 klassar og 45 plassar.

Vg2 industriteknologi er auka til 3 klassar og 45 elevar for å møte inntaket på Vg1 teknikk og industriell produksjon i regionen skoleåret 18/19.

Svak søking gjer at kapasiteten på Vg1 design og handverk er redusert til 2 klassar og 30 elevar på Vg1 og på Vg2 frisør er kapasiteten redusert til 1 klasse og 15 elevar.

Fagerlia vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at kapasiteten på studiespesialisering er justert til 3 klassar og 84 plassar på alle trinn. Kapasiteten på Vg3 og Vg4 påbygg er foreslått auka med til saman 1 klasse og 28 plassar.

Haram vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført. Kapasiteten på Vg2 studiespesialisering internasjonal er justert etter inntaket til skoleåret 18/19.

Spjelkavik vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at kapasiteten på Vg2 studiespesialisering og Vg2 Internasjonal baccalaureate er justert etter søking til skoleåret 18/19. Det er lagt inn ein klasse VG1 studiespesialisering med pre-IB. Kapasiteten på Vg1 ordinær studiespesialisering er redusert tilsvarande.

Stranda vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av at Vg1 teknikk- og industriell produksjon er teken ut av planen og tilbodet er samla på Sykkylven vgs. Vg2 helsearbeidarfag er lagt til planen med ein kapasitet på ein halv klasse og 8 elevplassar. Vg2 matfag og Vg2 kokk og servitør er lagt med 0 i kapasitet. (Vg1 restaurant og matfag kom ikkje i gang skoleåret 18/19)

Sykkylven vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført med unntak av kapasiteten på Vg1 teknikk er auka til 2 klassar og 24 elevplassar, på Vg1 elektro er kapasiteten redusert til 1 klasse og 12 elevar.


Vg1 design og handverk er tatt ut av planen på av søkinga dei siste åra.

Kapasiteten på Vg2 studiespesialisering er tilpassa inntaket til skoleåret 18/19.

Ålesund vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført.

Kapasiteten på Vg2 og vg3 studiespesialisering med bedriftsutvikling er justert etter inntaket til skoleåret 18/19.



Herøy vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 videreført.

Kapasiteten på vg1 bygg og anleggsteknikk er auka til 1 klasse og 15 elevar.

Vg2 byggtsteknikk er auka til 1 klasse og 14 elevar for å møte inntaket til skoleåret 18/19.

Kapasiteten på vg2 barne og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar er auka med til saman 1 klasse. Dette må og sjåast i samanheng med forslaget om legge ned Herøy vgs, avd Vanylven.

Herøy vgs, avd. Vanylven

I sak til Utdanningsutvalet (UD-9/18) skreiv fylkesutdanningssjefen at ei nedlegging av Herøy vgs avd. Vanylven ville bli vurdert i arbeidet med ny skolebruksplan.

Undervisningspersonalet og skoleleiinga har gjennom fleire år strekt seg langt for å få gje elevane eit godt tilbod. Fleire lærarar har skaffa seg ekstra kompetanse slik at krava til fagtilbodet er stetta på ein tilfredstillande måte.

Men med bakgrunn i låge søkartal, svake elevtal i grunnskolen i Vanylven, vanskar med å erstatte kompetansen til lærarar som sluttar av ulike årsaker og dei økonomiske utfordringane avdelinga får med å drive med eit så smalt tilbod, ser fylkesutdanningssjefen ikkje nokon veg utanom å foreslå ei nedlegging.

Det er sett i gang eit arbeid med å lage ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune for å sjå om det er mogleg at dei elevane som ønsker det, kan sikrast plass på ein skole i nabofylket i sør. Kapasiteten ved Herøy vgs er foreslått auka for å kunne ta i mot dei elevane som ikkje får eit tilbod ved Herøy vgs, avd Vanylven.

Ulstein vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført. Kapasiteten på Vg1 og 2 Service og samferdsel er justert etter søkinga til skoleåret 18/19. Kapasiteten på Vg4 påbygg etter yrkeskompetanse er auka til 1 klasse og 28 plasser.

Volda vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført. Kapasiteten på Vg3 og Vg4 påbygg er foreslått auka med til saman 1 klasse og 28 plassar.

Ørsta vgs

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført.

På grunn av søkinga til Vg2 blomsterdekoratør er tilbodet foreslått tatt ut av planen.

Med helsing

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur